

# Er du **harding** og kunst-, musikk- eller teater**Student**?

## Vil du ha kontakt med **kunstmiljøet** heime i Hardanger?



Harding Puls er eit tverrfagleg forum for skapande og utøvande kunstnarar frå Hardangerregionen. Som medlem kan takast opp utdanna og/eller yrkesaktive kunsthåndverkarar, biletkunstnarar, fotografar, musikarar, forfattarar, skodespelarar, formgjevarar og andre som arbeidar kreativt skapande utover rein kopierings- og produksjonsrutine. Medlemmene skal vera frå Hardanger og/eller bu/virke i Hardanger. Me har i dag ca. 70 medlemmer og HP er blitt eit viktig nettverk både sosialt og for fagleg utvikling.

Harding Puls har slik målformulering:

- vera eit ide- og kontaktskapande forum
- stimulera til samarbeid og samkvem som gjev faglege impulsar
- arbeida for styrking av fagleg kompetanse
- styrkja kunstnarane og kulturutøvarane sin identitet
- vera med å markera særpreg og tradisjon i regionen
- arbeida for auka bruk av kunst og kunstnarar i regionen

## Harding Puls kan tilby deg eit rekrutterings-/ studentmedlemskap!!!

Personar som er tatt opp på høgskular etter normale opptaksreglar innanfor dei fagfelte som Harding Puls famnar, kan få rekruttering/ student- medlemskap i organisasjonen.

Andre uetablerte kunstnarar og kultur utøvarar kan og søke om rekrutteringsmedlemskap viss ein kan vise til *ein* kvalifisert juryering eller til deltaking i *eit* profesjonelt arrangement.

Rekrutterings- / studentmedlemskapen gjeld i 5 år.

Innan den tida må ein ha søkt om vanleg medlemskap. Dersom ein ikkje fyller krava til vanleg medlemskap innan dei 5 åra, fell rekrutterings- / student medlemskapen bort.

Rekrutterings- / student medlemmer får tilsendt informasjon og vil bli invitert med på "Harding Puls Tinget"

Til årsmøte har dei forslag- og uttalerett, men ikkje stemmerett.

Der det høver blir dei invitert til å delta på kunstnariske prosjekt.

Dei har ikkje automatisk rettar eller plikter i forhold til Harding Puls sine kunstnariske aktivitetar.

Rekruttering- / studentmedlemmer betaler redusert kontingent på kr. 250,- pr år.

Meir info om Harding Puls finn du på nettsidene våre: [www.hardingpuls.no](http://www.hardingpuls.no)

Du kan og ta kontakt på e- posten vår: [post@hardingpuls.no](mailto:post@hardingpuls.no)

Du kan sende søknad på vedlagt skjema til: [post@hardingpuls.no](mailto:post@hardingpuls.no)

Eller til: Harding Puls, Vikøyvegen 408, 5600 Norheimsund

# Søknad om rekruttering- /studentmedlemskap i Harding Puls.

Er du frå /oppvaksen i Hardanger?.....  
Di heimstad-adresse er .....

Namn.....  
Adresse .....

E-post.....  
Tlf nummer.....  
Fødselsår.....

Studerer ved  
eller er i lære hjå .....

Linje –fagområde.....  
Når starta studie.....  
Når planlegg du avslutning på studiet du held på med no?.....

Legg ved kopi på dokumentasjon av opptak på studiet.....  
eller på den opplæringa du er i.....  
Har du gått andre skular / opplæring innan kunstfag ?.....  
.....  
.....  
.....  
.....

Stad / dato

signatur